



MØTEBOK

Møte: 4-2020
Møtedato: Onsdag 09.09.2020
Møtestad: Bømlo kyrkje
Tid: 19.00

Desse møtte:

John Olav Habbestad, Kjersti Mæland, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Asbjørn Gundersen, Hans Otto Robberstad, Trygve Leigland, Odd Ingvar Nilssen, Elin Taranger og Heidi Vold.

Møtet starta med synfaring på gravplassane på Vika, Vorland gamle og nye og Hillestveit kl. 18.00

Kjersti Mæland hadde «Ord for kvelden». John Olav Habbestad leia møtet.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Det kom merknad om at godkjenning av innkalling og sakliste bør stå på sakslista.

2020-04-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 3 – 2020 vart godkjent.

2020-04-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Orientering om Bømlo kyrkje. Kostnadar og framdrift.
Vart informert om dette i sak 2020-04-06. Det er til no brukt 113 000,- på skisser og prosjektleiing. Neste steg er innhenting av prisar og søknad til bispekontoret.
2. Framdrift på Moster kyrkje.
Håpar å vera i mål til konfirmasjonane 26. og 27. september. Til no malt 3 av 4 veggjar.
3. Orientering om stabssituasjonen.
Camilla Rubach har starta og er komme godt igong. Vart også informert om at ho fortsett i fellesrådet.
4. Orientering om koronasituasjonen.
Mykje ressursar vert nytta til dette. Må heile tida vera «på ballen». Har stadig gjort oss erfaringar og forbetra oss i smittevernrutinane.
5. Informasjon om prosessen mot ny kyrkjeordning.
Vart informert ein del om innspelsmøta som no vert køyrt over Youtube. Gjeld framtidig organisering av kyrkja.
6. Mogeleg ny plassering av kyrkjekontoret.
Kontakt av bergenesfirma i forhold til Sparebanken Vest sine lokale på Bremnes.
7. Endring av dato for neste fellesrådsmøte.
Frå 21. oktober til 4. november kl. 18.00.

2020-04-03 2. KVARTALSRAPPORT

Det vart gjeve ein kort informasjon om kva som har hatt størst økonomisk påverknad på rekneskapen første halvår 2020.

- Koronasituasjonen med avlyste arrangement.
- Utsett utsending av festeavgifter.

Det vart stilt spørsmål til den høge summen på forsikring. Noko kan skyldast feilperiodisering. Forsikringskostnadane har auka noko, men ikkje så mykje som rapporten kan gi inntrykk av.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 2. kvartal 2020 til vitande.

2020-04-04 REVIDERT BUDSJETT

Det vart gjeve eit kort saksframlegg der mykje av det nemnde i 2. kvartalsrapporten vart teke oppigjen. Koronasituasjonen som gir sitt preg på aktivitetsnivået i ulike former. Ein kom inn på strøyming av gudstenester som eit av hovudmomenta. Det vart også gjeve korreksjon på tidlegare tal under tilskot frå staten/statlege institusjonar.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner revidert budsjett for 2020.

2020-04-05 TILRETTELEGGING AV KREMASJON OG URNENEDSETJING

Kyrkjeverja gjekk igjennom dei ulike minnelundtilboda som ein har i dag, og stilte spørsmål ved ein del tidlegare vedtak og praksisar. Dette gjaldt både utforming av dei ulike minnelundane, prissetjing m.m.

Vedtak:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å utsetje saka og ber kyrkjeverja innhente meir informasjon om korleis andre fellesråd gjer dette.**
- 2. Fellesrådet ber om at prisen på dei ulike minnelundalternativa vert trekt ut av vedtaket i sak 2020-02-03, og at resten av prislista vert sendt kommunestyret til godkjenning.**

2020-04-06 GODKJENNING AV FØREBELS SKISSER KNYTT TIL OPPGRADERING AV BØMLO KYRKJE


Det vart føreteke ein kort gjennomgang av skissene av oppgradering av Bømlo kyrkje. Nokre moment som også vart drøfta var kontor sin bruk av prestesakristiet til kontor. Fellesrådet ber kyrkjeverja komma vidare i prosessen med godkjenning frå bispedømekontoret og innhenting av prisar.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek førebels skisser knytt til oppgradering av Bømlo kyrkje.

Bremnes, den 11. september 2020

John Olav Habbestad
leiar



Trygve Leigland
kyrkjeverje